# Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid
- søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016.**

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

| **1. Søkjar** | | |
|---|---|---|
| **Namn på søkjar:** | Veteranlaget Wichmann Wärtsilä | |
| **Organisasjonsnr:** | 994 865 471 | |
| **Kontaktperson:** | Jan Willy Folgerø-Holm | |
| **Adresse:** | Austbøvegen 11, 5420 Rubbestadneset | |
| **Telefon:** | 95232238 | E-post: jaki@haugnett.no |
| **Skattekommune:** | Bømlo | |
| **Medlemstal:** | 88 | |

| **2. Søknad** | | | |
|---|---|---|---|
| **Totalbudsjett:** | 135 000 | **Søknadssum:** | 30 000,- |
| **Tidsskrift/publikasjonar:** | | 15 000,- | |

**Skisse for prosjektet:**

Veteranlaget Wichmann Wärtsilä er eit lag for pensjonerte arbeidstakarar som på eit eller anna tidspunkt i yrkeslivet har hatt tilknyting til industrimiljøet på Rubbestadneset.

Laget sitt føremål er å vera eit sosial samlingspunkt  for medlemmene samstundes som ein skal ta vare på og føra vidare kunnskap og tradisjonar innafor verksemdene. Laget skal også skipa foredrag, turar og andre aktivitetar av interesse og til nytte for medlemmene og ulike interessegrupper. Dei lokale skulane er prioriterte målgrupper.

Ein av  aktivitetane til Veteranlaget Wichmann Wärtsilä (VWW) omfattar mellom anna kartlegging og arkivering av dokumenter, teikningar og bilde frå den 100-årige industrihistoria på Rubbestadneset.

Ei stor og viktig oppgåve innafor dette er formidling til samfunnet rundt, det være seg skular, gradsstudentar og spesielle interessegrupper. Dette må gjerast i eit tilgjengeleg media, og VWW vil oppretta ein nettsida til føremålet.

Dette vil omfatta tilrettelegging og scanning av eit utval bilde, teikningar og dokument.
Deretter skal dette leggast ut på nettet og ha tilknyting til relevante databaser.

**Mål og framdriftsplan for prosjektet:**

Prosjektet vil omfatta eit arbeid som er starta opp med scanning, utveljing av historiske teikningar og dokument, tilpassing for presentasjon med supplerande forklaringar og opplysningar og til slutt «utlegging» på nettet.
Ein vil bruka profesjonelle web – utformarar og etterstreva ei løysning med låg brukarterskel for å supplera sidene med nye dokument.
Arbeidet med scanning har som nemnt starta opp. Etablering av web- side og utveljing av dokument vil gjennomførast løpande, men ein ser for seg at sjølve portalen skal kunna opnast før jul i 2016.

**3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):**

Veteranlaget Wichmann Wärtsilä har hand om dei fleste dokument, teikningar og bilde frå verksemda si 100 årige historie.
For å effektivisera og tidstilpassa den viktige formidlingsrollen av dette vil ein laga ei web-side, ein dataportal kor eit utval av dei viktigaste dokumenta vert eksponerte.
Målgrupper er barn og ungdom gjennom ulike skuleløp frå barneskule til vidaregåande, samt almenne vaksne interessegrupper.
Ein vil skaffa seg profesjonell hjelp til ein brukarvenlig utforming.
Arbeidet med dette vil gå føre seg parallelt med tilrettelegging av stoffet i 2. halvår 2016, men supplering vil vera ein kontinuerlig aktivitet. Det er i tillegg ei målsetjing å knyta dette opp mot relevante sentrale databasar.
Ein vil utforma ein artikkel for aktuelle publikasjonar kor ein gjere greie for prosjektet.

*Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.*